



Sak nr 36/2012

Møtedato: 7.11.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S645

Hande 48/1 – høyring om bruksrasjonalisering

Kommunen har motteke søknad om bruksrasjonalisering av Hande 48/1. Den dyrka jorda og skogen vil bli selt til to nabobruk. Eigaren vil behalde husa på tunet med eit areal på ca 5 daa.

Kommunen har sendt saka til fjellstyret til uttale. Sjølve bruksrasjonaliseringa er ikkje noko fjellstyret skal gi uttale til, men kva som skal skje med stølen er fjellstyret sitt ansvarsområde åleine.

Eigedomen har støl på Sørre Trøllhøvd. På stølen er det eit inngjerda areal på 26 daa med sel (79 m²), fjøs (74m²) og uthus (5m²).

Fjellova §2: Rett til allmenningsbruk ligg til bygd eller grend som frå gamal tid har hatt slik rett. .. Vert gardsdrifta nedlagd og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, fell retten bort. Det same gjeld om ein eigedom ved sal eller oreigning misser så mykje av jorda at den ikkje lenger er å rekna som ei jordbruksmessig eining, eller vert delt på ein slik måte at ingen av jordpartane etter delinga er å rekna som jordbruk.

Fjellstyret skal ved bruksrasjonalisering vurdere om restarealet er av eit slik omfang at det kan reknast som ei jordbruksmessig eining. Det er ikkje nokon direkte kopling mellom landbruksstyresmaktene sin definisjon av ein rasjonell landbrukseigedom i samband med bruksrasjonalisering og vurdering av allmenningsretten etter fjellova. Etter fjellova er det ein føresetnad at eininga må ha eit preg av jordbruk. Ut frå dei dokument fjellstyret har fått oversendt, kan ein ikkje sjå at restarealet til Hande 48/1 oppfyller kravet for å vera ei jordbruksmessig eining og bruket vil då miste sin allmenningsrett. Retten er likevel ikkje tapt før enn deling er gjennomført. Fjellstyret kan derfor ikkje gjera vedtak om eventuelt tap av allmenningsrett før rettskraftig deling er gjennomført.

Om bruksrasjonalisering blir gjennomført, må fjellstyret ta stilling til om eigedomen har mista allmenningsretten og kva som skal skje med stølen. Dette er regulert i stølsforskrifta §16:
Når seterretten fell bort fordi drifta på eigedomen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedomen som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- a. at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. §§ 6 og 7, eller*
- b. at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om feste av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller*
- c. at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.*

Blir setra vist ut til ein annan eigedom, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren. Før fjellstyret tek avgjerd om fjerning av hus etter første ledd bokstav c eller andre ledd, skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.

Departementet sine merknader til § 16:

Føresegna gir dei alternativa som ligg føre og prioriteringa mellom dei. Den tidlegare seterbrukaren sitt ønskje å få festekontrakt (bokstav b), må derfor vike for den som treng seter. Om alternativ c, fjerning av seterhus blir aktuelt, skal fjellstyret sjå til at krav om fjerning blir følgt opp.

Eventuelt oppretting av fritidsfeste føresett dispensasjon frå kommuneplan. I gjeldande kommuneplan står det følgjande om dispensasjon: *Kommunen ynskjer å føre ein særskilt streng politikk i forhold til dispensasjonssøknader i statsallmenningen (LNF-2 og 3 område). Det skal ligge føre særskilde og vektige grunnar for å gje dispensasjon frå desse føresegnene.* Eigaren av Hande 48/1 har ikkje søkt om fritidsfeste.

Kommunen har sendt saka til fjellstyret til uttale. Fjellstyret oppfattar at kommunen ynskjer å få ei avklaring om korleis fjellstyret vil behandle stølen til Hande 48/1.

Uttale:

Når allmenningsrett fell bort pga at eigedom ikkje lengre er å rekne som ei jordbruksmessig eining jf. fjellova §2, vil fjellstyret etter §16a i stølsforskrift lyse støl ledig for gardsbruk med behov for støl.

Einstemmig vedteke.

Åshild Reien var inhabil i saka og Embrik Før møtte som varerepresentant.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Stølsbrukar